



Det er ikkje berre nettsida som treng oppdatering. Også oppslagstavla ved Sandavegen har trong for det, for ho er sørgjeleg forsømt i det siste. Det seier fleire til uskedalen.no og ber oss sende ein verbal refs til rette vedkommande. Ein hevdar at omtrent halvparten av

plakatane er utdatert medan den andre halvparten er falma og lite innbydande.

Det siste gjeld stort sett dei som sit innelåst i monter. Som døme på at plakatane er uaktuelle trekk ein fram båtlaget, som framleis opplyser om val som vart foreteke for 4 år sidan.

Og med omsyn til arrangement er tavla stadig uaktuell, blir det påpeika. I den grad tavla skal nyttast må ho vera meir oppdatert, seier folk.

Tekst: Ola Matti Mathisen